



Det er fire alternativ for skulen i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen er ført opp med fire alternativ i materialet som skal leggjast til grunn for innstillinga frå skulestrukturutvalet og for politiske vedtak.

Tre alternativ er samanslåing av Uskedalen og Bringedalsbygda, Uskedalen og Omvikdalen og Uskedalen/Bringedalsbygda/Omvikdalen.

Eit fjerde alternativ er samanslåing som tilsvarar ungdomsskulekrinsen, altså Malmanger/Mauranger/Uskedalen/Omvikdalen.

Dei tre første alternativa er basert på samling ved Uskedalen skule.

Utvalet har no vore i arbeid i vel eitt år utan at konklusjonar er trukke, men om stutt tid vil det ha klar innstillinga om kva for skular som det meiner bør slåast saman.

Det vert neppe endringar frå komande haust, skriv Kvinnheringen på bakgrunn av ein pressekonferanse i førre veka.

Kostnadsoverslag følgjer ikkje med for dei ulike alternativa.

Det er knytt stor spenning til utfallet av møtet i skulestrukturutvalet torsdag i denne veka. Men leiar Erling Boland (Ap) kan ikkje lova at eitt møte er nok sjølv om dei fleste utvalsmedlemene nærmar seg ein konklusjon.

Sekretær i utvalet, kommunalsjef Asbjørn Skår ,slår fast at det er dårleg økonomi å satsa på opprusting av skulebygg som likevel vil vera utdaterte om nokre år. Det er ambisjonar som skal gjelda for grunnskulen på lang sikt som må leggjast til grunn, held han fram.

Og i den vurderinga trengst eit større perspektiv enn å sjå på straksverknaden av at enkelte bygder mistar skulen sin sjølv om det smertar, seier Skår.

Av Ola Matti Mathisen